

Borna sentrale i innhaldsrik gudsteneste.

12.03.2017



Tårnagentkoret opptrødde for første gong og var kjempeflinke!(Foto: Bente Miljeteig)

Mykje glede vart uttrykt ved smil og klapping under gudstenesta i Uskedal kyrkje i dag. Den gode stemninga vart skapt av det gode samspelet mellom mange deltagande born og dei faste medarbeidarane i kyrkja. Tre born vart døypt under den fine gudstenesta.



Tårnagentane var veldig flinke under gudstenesta. Her frå dramatiseringa av forteljinga om den blinde mannen.

Det starta med inngangsprosesjonen med dåpsborna med foreldre, deltagande barn, trusopplærar og sokneprest Lina Håland. Deretter opna Tårnagentane, som hadde ein flott dag i kyrkja i går, gudstenesta med ein flott song. Dette vart fulgt opp av fleire, fine songar av det nye barnekoret, Tårnagentkoret, som var blitt kjempeflinke. Dei song også i slutten av gudstenesta.

Tårnagentane hadde spennande oppdrag i går, og i dag var dei flinke og hjelpte sokneprest Lina Håland under gudstenesta. I tillegg til fin song bidrog dei med å lesa samlingsbøn og andre tekstar, og med dramatisering. Dei viste også kva dei hadde funne i kyrkja under samlinga i går.

Det er alltid fint å oppleve når born vert borne til dåpen. I dag var det tre dåpsborn, Andreas Åsheim Myklebust, Liam Olander Musland Andersen og Johanne Hjelmeland Arnesen. Mange synes det er ekstra fint under dåpseremoniane når sokneprest Lina tar dåpsbarna på armen og syng velsigninga til dei med den varme songstemma si.



Andreas, Liam Olander og Johanne vart døypt. Her ser vi Andreas med fadderfølge.

Under gudstenesta var det også bønevandring. Då kunne ein innom fleire stasjonar. Marit Elisebeth Totland hadde mellom anna laga eit måleri av eit tre utan blad. På dette kunne dei som ønskte det, få handavtrykket sitt som blad på treet. Svært mange born gjorde det.

Offeret i dag gjekk til ein barneheim i India der Margunn Håland, mor til Lina, er sentral i drifta. Margunn har vore medhjelpar under Tårnagenthelga, og ho fortalte kort om barneheimsarbeidet før offeret vart teke opp rundt alteret. Etter gudstenesta var ferdig, var det kyrkjekaffi. Til kaffi og kaker kunne då kyrkjelyden sjå biletet frå barneheimen på lerretet.

Gudstenesta var svært godt besøkt, og både benkane langs langveggene og galleriet måtte takast i bruk. Neste gudstenesta i Uskedal kyrkje søndag 26.mars kl.11.



Under bønevandringa kunne ein leggjastein og diamant ved krossen.



Ein kunne også leggja bønelappar i krukka.



På dette bildet kunne dei setja handavtrykk under bønevandringa.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland